

Namneendring

Norsk Thyriodeaforbund har endra namn og logo. Det heiter nå Stoffskifteforbundet. Lokalt heiter det Stoffskifteforbundet Midt-Telemark lokallag.

Ope møte om arealplan

Bø kommune inviterer til ope møte om planforslaget på Bø ungdomsskule i kveld klokka 18.30. Saka gjeld høyring på ny arealdel av kommuneplan for Bø 2015-2027. Planen gjeld heile kommunen med unntak av delar av Lifjellområdet der det er vedtatt eigen kommunedelplan. Arealdelen viser arealbruk i kommunen dei komande tolv åra og set rammer for bruk og vern gjennom plankart og føreseger. Planen er eit langsiktig styringsverktøy som følgjer opp målsettingar og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel. Arealdelen har rettsverknad. Planforslaget vart behandla i formannskapet 26. januar og blir nå lagt ut til offentleg ettersyn fram til 10. mars 2015.

**KOMMUNEREFORMA**

Nei til Lifjell rundt

Midt-Telemark pluss Seljord. Det var det kommunestyret i Bø gjekk for på den store Lifjell rundtdagen, torsdag i førre veke. Sauherad sa nei til Midt-Telemark.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Torsdag 29. januar var dagen då alle kommunane som har sagt ja til å vere med på ein forstudie om å slå saman kommunane rundt Lifjell skulle vedta kvar vegen vidare går. Dei er ikkje einige.

Kommunestyret i Bø er blant dei som takkar nei til å vere med vidare. Det ønskje å gå vidare mot samanslåing med Nome, Sauherad og Seljord.

Nome takka også nei til å arbeide vidare med Lifjell rundt. Vedtaket seier ikkje noko om andre alternativ. Sauherad sa ja til Lifjell rundt og nei til Midt-Telemark.

Seljord ser begge vegar

Seljord behandla også saka om Lifjell rundt sist torsdag. Her vart også prosjekt Vest-Telemark-kommunane behandla. Dei seks Vest-Telemark-kommunane har også gjennomført

ein forstudie og vurderer om det er aktuelt å slå seg saman. Seljord sa ja takk til begge to. Det var ikkje nokon diskusjon om Bø eller Midt-Telemark.

Men i begge vedtaka til kommunestyret i Seljord heiter det også at dersom det er færre enn seks kommunar som går for dei to alternativa, det vil seie at alle må seie ja i begge tilfelle, så skal saka tilbake til kommunestyret. No har to altså sagt nei, det vil seie at Lifjell rundt må tilbake i kommunestyret.

Når det gjeld Vest-Telemark så har Vinje kommune hatt forstudien om Vest-Telemark til behandling. Formannskapet sa nei. Ordførar Arne Vinje seier i Vest-Telemark blad at han ikkje ser for seg ein stor Vest-Telemark-kommune. Det blir for stort.

Positive i aust

Hjartdal kommunestyre er positive til Lifjell rundt og vil gå vidare med det dersom eit fleirtal av kommunane ønskjer det. Politikerane i Hjartdal vil også delta parallelt dersom Seljord og Notodden vedtek å gå vidare med eit felles prosjekt. Det er også eit alternativ at Hjartdal held fram åleine.

Notodden kommunestyre, med initiativtakar ordførar Jørn Christensen i spissen, seier ja.

Det seier også ja til å gå vidare med færre kommunar og vil invitere med Tinn. Kommunestyret på Notodden vil også følgje opp Kongsberg kommunestyre si skisse for ei utgreiing av by-alternativet, der Kongsberg slår seg saman med Øvre Eiker og/eller Notodden. Det er med andre ord mange alternativ i spel.

– Også kalla Midt-Austen

– I 1995 var Bø med i Midt- og Aust-telemarkrådet, også kalla Midt-Austen. Det var kommunane som ikkje hadde funne partnerar i regionsamarbeidet. Det fungerte svært dårleg.

Det sa Arne Storhaug (Ap) i kommunestyremøtet om ein eventuell samanslåing med Notodden og Hjartdal.

Det vart lagt fram fleire forslag til vedtak både frå Venstre, Arbeiderpartiet og Fremskrittspartiet. Det var stort sett detaljar det stod om: Skal ein opne for deler av nabokommunane eller skal ein ikkje nemne det? Skal ein slå fast at kommunesamanslåing skal vere frivillig eller ikkje? Men alle var einige om at det var viktig å få eit samrøystes vedtak og etter eit gruppemøte vart det det.

Asbjørn Botnen (H) leika med tanken om ein kommune i Telemark, men stilte ikkje noko forslag om det.



Veldig godt nøgd

Ordførar Olav Kasland er god fornøgd med resultatet i kommunestyret. Han meiner at Midt-Telemark-alternativet ikkje er dødt.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Eg er veldig godt fornøgd med resultatet. Det var konstruktivt og godt jobba fram. Det var fleire forslag til vedtak og det var nyanseforskjellar, men forslaga var grunnleggjande like, og me vart einige.

Det seier ordførar Olav Kasland, (V) etter kommunestyremøtet.

Det vedtok at Bø kommune ønskjer å gå vidare og diskutere eit forprosjekt om kommunesamanslåing med Nome, Sauherad og Seljord. Målet er å slå saman dei fire kommunane.

– Eg er heilt sikker på at vedtaket er på linje med det det store fleirtalet i Bø meiner,

held Kasland fram.

Lifjell rundt ute

– *Kva med vedtaka til dei to andre kommunane i Midt-Telemark?*

– Dei gjorde sine vedtak ut frå sine føresetnader. Lifjell rundt eksisterer ikkje lenger. Eg vil sende spørsmål om dei

ønskjer samarbeid, kanskje alt torsdag. Dei får ta det opp når dei ønskjer.

– *Har ikkje Sauherad lete att døra?*

– Nei. Lifjell rundt eksisterer ikkje lenger. Då må det opne seg ei anna dør, men eg vil ikkje blande meg inn i deira saker, seier Kasland.